

Rettleiande vedlegg til SSA-K – Kjøpsavtalen – versjon 2015

Innhald:

Bilag 1: Kundens kravspesifikasjon	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 2: Leverandørens beskrivelse av leveransen	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 3: Kundens tekniske plattform.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 4: Leveringstidspunkt og andre frister	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 5: Godkjenningsprøve.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 6: Administrative bestemmelser	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 7: Samlet pris og prisbestemmelser.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 8: Endringer i den generelle avtaleteksten	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 9: Endringer av leveransen etter avtaleinngåelsen	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Bilag 10: Lisensbetingelser for standardprogramvare og fri programvare ...	Feil! Bokmerke er ikke definert.

Bilag 1: Kunden sin kravspesifikasjon

Kunden skal i bilag 1 spesifisere krava sine til leveransen.

Avtalens punkt 1.1 Omfanget av avtalen

Dersom leveransen skal fungere saman med Kunden si eksisterande tekniske plattform, skal dette komme fram her. (Kunden si eksisterande tekniske plattform skal skildrast av Kunden i bilag 3.)

Avtalens punkt 2.1.2 Tilpassingar og installasjon mv.

Dersom Leverandøren skal ha ansvar for å utføre kundetilpassingar, installasjon eller andre oppgåver som skal utførast etter at utstyr og programvare er overlevert eller gjort tilgjengeleg for Kunden, skal dette komme fram her.

Avtalens punkt 2.1.4 Dokumentasjon og opplæring

Dersom Kunden har ytterlegare krav til dokumentasjon enn det som går fram av punkt 2.1.4 i avtalen, skal dette komme fram her.

Dersom Leverandøren skal bistå med nødvendig opplæring av Kunden sitt personell, skal dette komme fram her.

Avtalens punkt 2.2.2 Undersøkningsplikt

Dersom det skal utførast ein særskilt godkjenningssprøve, skal dette komme fram her. (Art og nærare omfang av godkjenningssprøven skal skildrast i bilag 5.)

Avtalens punkt 2.7 Eksterne rettslege krav

Kunden skal identifisere kva slags rettslege eller partsspesifikke krav som er relevante for inngåing og gjennomføring av avtalen her. Kunden skal også konkretisere relevante funksjonelle og sikkerheitsmessige krav for leveransen her.

Avtalens punkt 4.3 Fri programvare

Dersom delar av leveransen er basert på fri programvare, medrekna tilpassing og vidareutvikling av denne, får Kunden dei rettane som er nødvendige for å kunne vidaredistribuere resultatet under den aktuelle fri programvare-lisensen, eller under ein kompatibel fri programvare-lisens dersom dette blir spesifisert her.

Dersom Kunden treng slike rettar til å vidaredistribuere resultatet, er det viktig at Kunden spesifiserer dette her. Ein måte å spesifisere dette på er å krysse av for «JA» i boksen nedanfor:

«Kunden har behov for å kunne vidaredistribuere resultatet av leveransen som er omfatta av ein fri programvarelisens; JA [] eller NEI []»

Bilag 2: Leverandøren si skildring av leveransen

Leverandøren skal, basert på bilag 1 (Kunden sin kravspesifikasjon), skildre leveranse/løysinga si her.

Leverandøren bør vere merksam på at avvik, atterhald og andre endringar i bilag 2 til Kunden sitt krav i bilag 1 ved tilbodsinnlevering kan medføre at tilbodet blir avvist av Kunden.

Avtalen punkt 1.1 Omfanget av avtalen

Dersom det etter Leverandøren si meining er openberre feil eller uklare punkt i kravspesifikasjonen frå Kunden, skal Leverandøren påpeike dette her.

Avtalens punkt 2.1.1 Utstyr og programvare

Dersom tilbydd programvare og utstyr ikkje har slike funksjonar, eigenskapar og kvalitet som følgjer av standard produktskildring/-spesifikasjon, brukarretteiing mv. som Leverandøren lar følgje med ved sal av desse produkta, skal dette komme fram her.

Dersom det er nødvendig å oppgradere den tekniske plattformen til Kunden, slik ho er skildra i bilag 3, for at Leverandøren sine ytingar skal fungere som avtalt, skal dette spesifiserast her.

Avtalens punkt 2.1.3 Forholdet til standard lisens- og avtalevilkår

I den utstrekning standardprogramvare som er omfatta av leveransen må leverast under standard lisensvilkår, skal dette komme fram her. Kopi av lisensvilkåra skal vere vedlagt som bilag 10.

I den utstrekning det er avvik mellom reglane i lisensvilkåra om disposisjonsrett og reglane i denne avtalen om disposisjonsrett, skal dette komme fram her.

Avtalens punkt 2.1.6 Garantiperiode og garantiytingar

Dersom Leverandøren stiller krav til vedlikehald som må vere utført for at garantien for utstyr skal gjelde, skal dette spesifiserast her.

Avtalens punkt 2.7 Eksterne rettslege krav

Leverandøren skal skildre korleis Leverandøren varetar eksterne rettslege krav gjennom sin leveranse her.

Avtalens punkt 4.3 Fri programvare

Dersom fri programvare skal nyttast i samband med leveransen, skal Leverandøren utarbeide ei oversikt over den aktuelle frie programvara. Oversikta skal takast inn her. Kopi av lisensvilkåra som gjeld for den aktuelle frie programvare skal takast inn i bilag 10.

I den utstrekning Leverandøren er kjent med at fri programvare som er kravd brukt av Kunden som ein del av leveransen er ueigna til å oppfylle krav frå Kunden eller krenkjer eller av nokon er hevda å krenkje tredjeparts opphavsrett, skal Leverandøren påpeike dette her.

Bilag 3: Den tekniske plattformen til Kunden

Bilag 3 skal fyllast ut av Kunden.

Avtalens punkt 1.1 Omfanget av avtalen

Dersom Kunden i bilag 1 har spesifisert at leveransen skal fungere saman med den eksisterande tekniske plattformen til Kunden, skal den tekniske plattformen til Kunden skildrast her.

Dersom det er relevant for leveransen, bør Kunden også skildre arkitektur og systemlandskap som programvara som blir anskaffa, skal gå inn i.

Det bør vidare gå fram kva for ein versjon av programvara som inngår i teknisk plattform. Kunden bør også skildre oppgraderingstakt for programvara, eventuelle planlagde større oppgraderingar og rutinar rundt periodisk vedlikehald.

Bilag 4: Leveringstidspunkt og andre fristar

Avtalens punkt 2.1.5 Tid og stad for yting frå Leverandøren

Programvare og utstyr skal vere levert innan dei fristane som går fram her.

Dersom Kunden i samband med levering ønskjer annan frist enn 5 (fem) vorkedagar i samsvar med punkt 2.1.5 i avtalen for å melde innvending(ar) mot yting frå Leverandøren, skal Kunden oppgi dette her.

Avtalens punkt 6.2 Dagbot ved forseinking

Dersom partane har knytt dagbot til andre fristar/tidspunkt enn leveringsdag, skal dette komme fram her.

Dersom dagbotsatsar, berekningsgrunnlag for dagbøter eller løpetid for dagbøter skal avvike det som går fram av punkt 6.2 i avtalen, skal dette komme fram her.

Bilag 5: Godkjenningssprøve

Bilag 5 skal fyllast ut av Kunden.

Avtalens punkt 2.2.2 Undersøkingsplikt

Dersom det i bilag 1 går fram at det skal utførast ein særskilt godkjenningssprøve, skal art og omfang av denne prøven skildrast nærare her.

Dersom det skal avtalast andre definisjonar av feil enn det som går fram av punkt 2.2.2 i avtalen, skal Kunden spesifisere dette her.

Dersom Kunden ønskjer å spesifisere andre eller meir detaljerte kriterium for å godkjenne leveransen enn det som går fram av punkt 2.2.2 i avtalen, skal dette komme fram her.

Dersom det skal gjelde andre fristar for godkjenning av leveransen enn det som går fram av punkt 2.2.2 i avtalen, skal dette komme fram her.

Bilag 6: Administrative reglar

Bilaget blir brukt til å samle administrative rutinar for avtaleforholdet og samarbeidet mellom partane. Det skal gå fram av bilag 1 kva delar av bilag 6 som skal fyllast ut av Kunden. Eventuelt kan Kunden i bilag 1 be Leverandøren fylle ut delar av bilaget.

Avtalens punkt 1.5 Partane sine representantar

Representant som har fått myndigheit for partane, og prosedyrar og varslingsfristar for eventuell utskifting av desse, skal spesifiserast her.

Avtalens punkt 2.4 Lønns- og arbeidsvilkår

Dokumentasjon av om Leverandøren oppfyller Leverandøren sine forpliktingar som nemnt i punkt 2.4 i avtalen (Lønns- og arbeidsvilkår) skal komme fram her. Dokumentasjonen kan bestå av ei eigenerklæring eller ei tredjepartserklæring om at det er samsvar mellom aktuell tariffavtale og faktiske lønns- og arbeidsvilkår for oppfylling av Leverandøren og eventuelle underleverandørar sine forpliktingar.

Nærare presiseringar om gjennomføring av punkt 2.4 i avtalen kan avtalast her.

Avtalens punkt 2.6 Skriftlegheit

Dersom Kunden ønskjer at varsel, krav eller andre meldingar knytte til denne avtalen skal givast på ein annan måte enn skriftleg til den postadressa eller elektroniske adressa som er oppgitt på framsida av avtalen, skal dette kome fram her.

Vedlegg 7: Samla pris og prisreglar

Alle prisar og nærare vilkår for det vederlaget Kunden skal betale for Leverandøren sine ytingar skal gå fram her i bilag 7. Kunden må tenkje gjennom kva slags prisformat (timepris, einingspris, fastpris mv.). Leverandøren skal basere tilbodet sitt på, og lage malar for dette i bilag 7. Eventuelle spesielle betalingsordningar som rabattar, forskot, delbetalingar og avvikande betalingstidspunkt skal også gå fram.

Avtalens punkt 2.1.2 Tilpassingar og installasjon mv.

Leverandøren sine timeprisar for å utføre kundetilpassingar, installasjon m.m. skal oppgivast her.

Dersom det er avtalt at Leverandøren skal levere tenester i form av kundetilpassingar, installasjon eller andre oppgåver etter at utstyr og programvare er overlevert eller gjort tilgjengeleg for Kunden, og det oppstår feil i programvara som er omfatta av punkt 2.1.3 sjette avsnitt i avtalen, kan det avtalast ei øvre økonomisk ramme for Leverandøren si plikt til utbetring av mellombels løysingar som dekkjer slike feil. Dersom ei slik ramme er avtalt, skal den øvre ramma oppgivast her.

Eksempel på pristabell for Leverandøren sin standard timepris for konsulenttenester:

Skildring	Timepris eks. mva.
Juniorkonsulent (f.eks. 0–3 års erfaring)	
Seniorkonsulent (f.eks. 3–10 års erfaring)	

Avtalens punkt 2.1.4 Dokumentasjon og opplæring

Dersom opplæring er ein del av leveransen i samsvar med bilag 1, skal vederlag for opplæringa spesifiserast her.

Avtalens punkt 2.1.6 Garantiperiode og garantiytingar

Dersom garantiperioden vik frå punkt 2.1.6 i avtalen, skal dette komme fram her.

Avtalens punkt 3.1 Vederlag

Alle prisar og nærare vilkår for det vederlaget Kunden skal betale for Leverandøren sine ytingar, skal gå fram her.

Dersom prisar ikkje skal oppgivast eksklusive meirverdiavgift, men inkludert toll og eventuelt andre avgifter, skal Kunden spesifisere alternativt prisoppsett her.

Dersom Kunden opnar for at prisar på komponentar som blir leverte frå utlandet kan oppgivast i utanlandsk valuta, skal dette komme fram her.

Dersom utstyr og programvare ikkje skal leverast DDP (Incoterms) på den adresse som er oppgitt på framsida av avtalen, skal alternativ risikomodell oppgivast her.

Eksempel på pristabell for varer:

Varer	Referanse til skildring i bilag	Pris eks. mva.	Rabatt

Eksempel på pristabell for tenester: (eksempelvis kurs/opplæring, einingspris installasjon mv.):

Tenester	Referanse til skildring i bilag	Pris eks. mva.	Rabatt

Avtalens punkt 3.2 Faktureringstidspunkt og betalingsvilkår

Dersom vederlag for programvare eller utstyr ikkje skal fakturerast på det tidspunktet levering blir rekna som skjedd i samsvar med punkt 2.1.5, skal alternativt faktureringstidspunkt oppgivast her.

Andre betalingsvilkår, og eventuelle vilkår for bruk av EHF, skal komme fram her.

Avtalens punkt 3.5 Prisendringar

Eventuelle andre reglar om prisendringar enn det som går fram av punkt 3.5 i avtalen, skal komme fram her.

Avtalens punkt 4.1 Egedomsrett til utstyr

Dersom det skal avtalast salspant for utstyr som blir levert i samsvar med denne avtalen, skal dette komme fram her.

Avtalens punkt 4.2.1 Avgrensa disposisjonsrett

Dersom vilkår som gjeld disposisjonsrett skal avvike frå punkt 4.2.1 i avtalen, skal dette komme fram her. Eventuelle føresetnader og avgrensingar i forhold til talet på brukarar, stad/utstyr for utøving av disposisjonsretten mv. skal også skildrast her.

Avtalens punkt 4.3 Fri programvare

Dersom Leverandøren har eigne timeprisar for å hjelpe Kunden med aktivitetar som er oppgitt som «betalbar tilleggsytning» i punkt 4.3 sjette avsnitt i avtalen, skal desse komme fram her.

Bilag 8: Endringar i den generelle avtaleteksten

Endringar til den generelle avtaleteksten skal samlast her med mindre den generelle avtaleteksten tilviser slike endringar til eit anna bilag.

Det er mogleg å gjere endringar til alle punkt i avtalen, også der det ikkje klart blir vist til at endringar kan avtalast. Endringane til avtaleteksten skal komme fram her, slik at teksten i den generelle avtaleteksten blir verande uendra. Det må komme klart og utvetydig fram kva slags føresegner i avtalen det er gjort endringar til og resultatet av endringa.

Leverandøren bør likevel vere merksam på at avvik, atterhald og endringar i avtalen ved tilbodsinnlevering kan medføre at tilbodet blir avvist av Kunden.

Eksempel på endringstabell:

Punkt i avtalen	Blir erstatta med
Kapittel x.x.x, avsnitt y	Ny formulering/tekst

Bilag 9: Endringar av leveransen etter avtaleinngåinga

Leverandøren skal føre ein fortløpande katalog over endringane som utgjer bilag 9, og utan ugrunna opphald gi Kunden ein oppdatert kopi. Kunden må sjølv halde oversikt over kva slags endringsførespurnader dei har sendt, kva slags endringsoverslag dei har mottatt og kva slags endringsordrar dei har gitt.

Eksempel på endringskatalog:

Endringsnr.	Skildring	Ikraftsetjingsdato	Arkivreferanse

Bilag 10: Lisensvilkår for standardprogramvare og fri programvare

Kopi av lisensvilkår for standardprogramvare og fri programvare skal takast inn i bilag 10.

Avtalens punkt 2.1.3 Forholdet til standard lisens- og avtalevilkår

Kopi av lisensvilkår for standardprogramvare som er omfatta av leveransen skal vere vedlagt her.

Avtalens punkt 4.3 Fri programvare

Dersom leveransen omfattar fri programvare, skal kopi av lisensvilkåra som gjeld for den aktuelle frie programvara takast inn her.